

# Protokoll frå styremøte i Helse Førde HF

Tid: 26.01.2018, kl. 09:00-12:50  
Møtestad: Førde sentralsjukehus, Førde

## Styremøtet var ope for publikum og presse

### Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Helge E. Bryne	Medlem
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Hans Jacob Westbye	Medlem
Arthur Norevik	Medlem
Audun Nedrebø	Observatør

### Forfall

Atle Hamar	Nestleiar
Liv Stave	Medlem

### Deltakarar frå administrasjonen

Børge Tvedt, kst. administrerande direktør  
Anne Kristin Kleiven, kst. viseadm. direktør  
Trine Vingsnes, direktør Kirurgisk klinikk  
Signe Nordvik, kst. direktør Medisinsk klinikk  
Svein Ove Alisøy, kst. direktør Psykisk helsevern  
Arne Skjelten, HR-direktør/ kst. direktør Stab/støtte  
Halfdan Brandtzæg, økonomidirektør  
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef  
Stig Igland, samhandlingssjef  
Berit Irene Haarklau, referent

### Andre deltakarar

Rune Larsen, overlege Avdeling for akuttmedisin  
Kari Furevik, seksjonsleiar Kvalitet og pasienttryggleik  
Marit Solheim, forskingsleiar  
Taryn Malkhassian, kst. seksjonsleiar FoU

## Sakliste

---

- 001/2018 Godkjenning av innkalling og dagsorden
- 002/2018 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 15.12.2017
- 003/2018 Administrerande direktør si orientering
- 004/2018 Rapportering frå verksemda per desember 2017
- 005/2018 Årleg melding 2017 for Helse Førde HF

Saker til orientering:

- 096/2017 Internrevisjon av forskingsaktiviteten i Helse Vest  
*Sak utsett frå førre styremøte*
- 097/2017 Rapportering frå program Pasientens helseteneste  
*Sak utsett frå førre styremøte*
- 006/2018 Eventuelt  
Skriv og meldingar

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Agnes Landstad ønska styret, brukarrepresentant, administrasjonen og publikum velkommen til dagens styremøte ved Førde sentralsjukehus.

## STYREMØTE STARTA MED FAGLEG ORIENTERING

Overlege Rune Larsen orienterte om:

### Global Trigger Tool – GTT

- Er eit amerikansk system for systematisk gjennomgang av eit utval journalar
- Trekker ut 20 tilfeldige journalar kvar månad som blir systematisk gjennomgått. Berre innlagde pasientar over 18 år, ikkje psykiatri
- To sjukepleiarar går gjennom kvar for seg
- Leitar etter «triggar» som kan indikere at det har vore eit uheldig utfall (skade)
- Ein lege går så gjennom dei journalane der sjukepleiarane har identifisert mogelege uheldige utfall/skader
- Dette er grunnlaget for rapporten Pasientskader

GTT er eit supplement til avvikssystem og kvalitetssikringssystem som kan avdekke mindre kvalitetsbristar. GTT skal bidra til læring og endra åtferd.

GTT-klassifisering:

Ein skade er her eit uheldig utfall, ein utilsikta fysisk skade som har oppstått som følge av medisinsk behandling, eller som behandlinga har ført til. Gjeld heile behandlingsskjeda, også prehospitalt. Verktøyet er debattert innan fagmiljøa.

GTT i Helse Førde: Frå 2014 har ein trekt ut 20 journalar. Del av pasientopphald med skade viser nedgang frå 20% i 2014 til 11% i 2016. Type skade 2015 – 2016 viser størst tall for legemiddelrelatert skade.

*Styret takka for ein god presentasjon og stilte spørsmål om kor utbredt er dette systemet internasjonalt. Det er viktig av funna skaper læring i organisasjonen.*

## **001/2018 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

Styreleiar Landstad leia møtet og orienterte om dagsorden:

Forfall: Nestleiar Hamar er no statssekretær og hadde meldt forfall til styremøte.  
Styremedlem Stave hadde også meldt forfall til styremøte.

Nye dokument utdelt i møtet:

- Styringsmål 2018
- Svarbrev til Norsk Psykologforening, lokalavdeling Sogn og Fjordane, vedkomande bekymring vedr tilbud til psykisk sjuke i Sogn og Fjordane, datert 26.01.2018

### **Vedtak (samrøystes):**

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

## **002/2017 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 15.12.2017**

Styremedlem Sandal hadde merknad til protokollen, side 9, at ein følgjer same prosedyre om skrivning av vedtak som er samrøystes.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjende og underteikna protokoll frå styremøte 15.12.2017.

## **003/2018 Administrerande direktør si orientering**

Kst. adm. direktør Tvedt innleia og orienterte om ny adm. direktør Arve Varden startar i stillinga 30. januar.

I perioden 30. januar – 31. mars vert det slike endringar i føretaksleiinga:

Børge Tvedt, kst. viseadm. direktør og direktør Psykisk helsevern

Arne Skjelten, HR-direktør og kst. direktør Stab og støtte

Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør

Barnehus i Sogn og Fjordane:

Etablering av Barnehus hadde eit oppstartmøte 16. januar, og frist for oppstart vert 31. oktober 2018.

Kst. adm. direktør Tvedt orienterte

### **1. Rapportering tilsynssaker**

Status for tilsynssaker frå Fylkesmannen og Arbeidstilsynet.

Seksjonsleiar Furevik orienterte om:

## **2. ForBetring 2018, ei undersøking om arbeidsmiljø, pasienttryggleik og HMS**

Formålet med den nye undersøking er forbedring av arbeidsmiljø og pasientsikkerheitskultur fordi både pasientar og medarbeidarar skal vere trygge og sikre i helsetenesta.

Undersøkinga inneheld 39 spørsmål som er fordelt på ulike tema: Engasjement, teamarbeidsklima, arbeidsforhold, tryggleiksklima, psykososialt arbeidsmiljø m.m.

Dette saman med alt det andre som vert kartlagt, skal etter kvart gi oss eit godt verktøy til å forbetre lokalt arbeidsmiljø og tryggleikskultur. Undersøkinga vert gjennomført frå 1. februar til 15. mars 2018.

Direktør Vingsnes orienterte om:

## **3. Status prosjekt Prehospitale tenester**

Overordna prosjektmål er å sikre innbyggjarane i Sogn og Fjordane gode prehospitale tenester og legge til rette for godt samarbeid mellom helseføretaket og kommunane om den akuttmedisinske kjeda.

Aktivitetar fase 1

- Datainnhenting og analyse
- Føresetnader og rammevilkår
- Kommunikasjon og involvering
- Konferanse om akuttmedisinforskrifta
- Aktivitetsutvikling for ambulansetenesta

Samanlikning med andre - oppdrag pr. 1000 innbyggjarar i 2017

- Helse Førde brukar mykje ambulanse-ressursar til å transportere pasientar mellom sjukehus
- Gode løysingar andre stader? Eksempel: Kvite bilar
- Snitt tid innomhus (tid før ambulansane er ute att på vegen)

Nasjonale kvalitetsindikatorar, med målsetting om 90% å nå ut til gravgrendte strøk innan 25 minutt.

Medarbeidarundersøking på nett til alle ambulansetilsette, dialogmøte med alle tre ambulansedistrikta, også analyse av resultat.

Brucarundersøking er utført der ein spør alle pasientar (og eventuelle pårørande) som hadde ambulansetransport over tre døgn. Publikumsundersøking via telefon og innhenting av informasjon frå kommunane.

Ein ser på konsekvensar på dei ulike nivå, som grunnlag for vidare arbeid i prosjektet.

Tidsplan for prosjekt prehospitale tenester:

- ✓ Ferdigstille sluttrapport fase 1 innan 1. mars
- ✓ Høyring i mars 2018
- ✓ Styrebehandling i april 2018

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om:

## **4. Revisjon av verksemdsmessig utviklingsplan**

Gjeldande utviklingsplan vedteken i 2015. Det var planlagt ein revisjon/oppdatering av utviklingsplanen i 2018.

Moment frå verksemdsmessig utviklingsplan 2015 – 2013 er at organisasjonen må vidareutvikle tenestene for ei meir samordna og heilskapleg «pasientens helseteneste», også må ein sjå på demografisk utvikling.

Med bakgrunn i utviklingsplanen har vi arbeidd med å utvikle teneste våre. Eigar gir også styringssignal og føringar, gjennom Nasjonal helse- og sjukehusplan og Helse Vest 2035. Helse Førde har hatt mange utviklingsaktivitetar dei siste åra. Det skal no gjerast eit oppsummeringsarbeid. Vi må legge Helse Førde sin plan inn i gjeldande rettleiar.

Nokre område det vil vere behov for å ta med eller oppdatere:

- Framskrivning av behov
- Teknologi
- Akutte tenester
- Samhandling
- Styrka brukarfokus
- Arbeid med å unngå unødig variasjon
- Tettare samarbeid på tvers av helseføretak
- Utdanning, forskning og innovasjon

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek meldingane til orientering.

## **004/2018      Rapportering frå verksemda per desember 2017**

### **Oppsummering:**

*Økonomidirektør Brandtzæg orienterte om: Kvalitet, aktivitet, bemanning og økonomi*

Tal ventande ved periodeslutt har vist ein god trend. Totalkø viser 45 383 i desember (november 45 309). Liggedøgn for utskrivingsklare pasientar var 31 i desember.

Aktivitet somatikk viser auke i dagkirurgi og nedgang i polikliniske konsultasjonar.

Sjukefråværet var 6,1 prosent i november. Brutto månadsverk var 2257 og netto månadsverk var 2094 i november.

Rekneskapan for 2017 er enno ikkje avslutta. Akkumulert resultatet er positivt med 1,7 millionar kroner. Budsjettavviket er negativt med 13,3 millionar kroner. Dette er betydeleg forbetring frå dei prognosane som blei meldt før sommaren. Dette er førebelse tal, mange postar vil verte vurdert i årsoppgjeret og relativt store endringar vil kome. Endeleg resultat vert klart i mars.

### **Vedtak (samrøystes):**

Rapportering frå verksemda per desember 2017 vert teken til vitande.

**Oppsummering:**

Årleg melding 2017 er Helse Førde sin rapport på oppfølging av mål og eigarkrav som kjem fram i «Styringsdokumentet 2017». Rapporten syner at Helse Førde leverer godt på vedtekne hovudområde og helsefaglege styringskrav som var fastsett for 2017.

Helse Førde levert godt når det gjeld kvalitet på tenestene i 2017. I pasientbehandling er ventetidene korte, det er få fristbrot og epikrisene blir i hovudsak leverte i samsvar med krava. Helse Førde har gjennom driftsåret arbeidd med å realisere verksemdsmessig utviklingsplan. Merksemda har vore retta mot korleis føretaket skal dekke behovet for spesialist-helsetenester, og korleis utbygginga i Førde best kan tilpassast framtidige behov for tenester og organisering.

*Styret kommenterte at Årleg melding er eit godt dokument til å få oversikt over verksemda. Dokumentet viser at Helse Førde leverer godt på faglege og økonomiske indikatorar. Takk til dei tilsette i organisasjonen.*

*Styret kommenterte saksframstillinga, retting side 2 i 2. avsnitt til følgjande tekst:*

*»Helse Førde har levert godt når det gjeld kvalitet på tenestene i 2017. I pasientbehandling er ventetidene korte, det er få fristbrot og epikrisetidene blir i hovudsak leverte i samsvar med krava. Helse Førde har hatt ein vanskeleg økonomisk situasjon og endring i toppleinga».*

*Kommentarar til dokumentet Årleg melding 2017:*

*Dokumentet frå Departementet og Helse Vest har utvikla seg til å bli byråkratisk og detaljert. Når nye element skal inn i årleg melding, bør ein samtidig vurdere kva som kan takast ut. Det ville vere ein fordel med eit meir lettlest dokument som då ville lesast av fleire.*

Side 3	Retting i nest siste avsnitt, 1. setning til: «Helse Førde har levert godt når det gjeld kvalitet på tenestene også i 2017.»
Side 7	Retting i 1. kulepunkt, siste setning til: «Helseføretaka har rapportert på status for bruk av KPP.»
Side 21	Retting i 2 siste kulepunkt, tekst i kursiv til: «Helse Vest har hatt heildagsmøte med deltaking frå alle helseføretaka, der vi var representert med fagdirektør og kirurgisk overlege, med ei forventningsavklaring og gjennomgang av statistikk og data. I januar skal arbeidet halde fram med Helse Bergen som pådrivar.»  «Helse Vest har invitert til heildagsmøte 5. januar 2018, til innleiande møte om det vidare arbeidet. Fagdirektør og avdelingssjef kirurgisk avdeling representerer Helse Førde i arbeidet.»
Side 29	Punkt 3.2.1 Openheit og dialog i helseføretaka Retting tekst i nest siste avsnitt til: «Helse Førde har det siste året hatt særlege utfordringar knytt til tillit mellom leiing og tilsette, utfordringar med økonomien og store omstillings og endringsprosessar.»
Side 32	3.2.5 Lønnsforhandlingar Retting i siste setning til: «Føretaket vil nytte lønnsforhandlingsmodulen ved lønnsforhandlingane våren 2018.»
Side 36	3.2.10 Brukarmedverknad Retting i 1. kulepunkt, 4. setning til: «Ein brukarrepresentant og vara for denne har sidan 30.06.2017 -.....»

**Vedtak (samrøystes):**

Årleg melding 2017 for Helse Førde HF vert godkjent, med dei endringar som kom fram i styremøte.

**Saker til orientering:****096/2017 Internrevisjon av forskingsaktiviteten i Helse Vest****Oppsummering:**

Helse Vest RHF har gjennomført revisjon av forskingsaktiviteten i Helse Vest. Revisjonen er forankra i forskingsstrategien til Helse Vest som gjeld perioden 2016-2019, og har sett på korleis aktivitetar knytt til denne fungerer for Helse Vest og universiteta i regionen.

Hovudkonklusjonen er at Helse Vest si forvaltning av forskingsaktiviteten i helseføretaka i all hovudsak fungerer tilfredstillande. Det vert likevel peika på nokre forbetningsområde. Dei mest sentrale er:

- Retningslinjer og prosess for tildeling av forskingsmidlar bør gjerast tydelegare
- Det må satsast meir på å formidle forskingsresultat
- Det bør bli betre systematikk og reell brukarmedverknad

Revisjonen gjev tilråding om forbetringstiltak til Helse Vest RHF og føretaka. Særleg er det peika på at føretaka må arbeide meir aktivt med formidling av forskning. Føretaka er bedde om å lage handlingsplan for å følgje dette opp.

Forskningsleiar Solheim og kst. seksjonsleiar Malkhassian orienterte om:

1. Status søknader 2017
2. Infrastruktur rundt forskning
3. Status innovasjon
4. Saka internrevisjon av forskingsaktiviteten i Helse Vest

Forskningsmidlar til Helse Førde: Norges forskingsråd innvilga 10 millionar kroner til NORSE. Norsk sjukepleiarforbund innvilga 2 millionar kroner til Stomi. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane innvilga 3 millionar kroner til NMR-instrument.

*Styret kommenterte at rapporten viser at Helse Førde brukar 0,4% av driftskostnadene til forskning, eit nivå som bør auke over tid.*

*Styret ber administrasjonen inkludere forskning og innovasjon i strategiplan og utviklingsplan.*

### **Vedtak (samrøystes):**

1. Styret tek rapport om internrevisjon av forskingsaktiviteten i Helse Vest til etterretning.
2. Framlegg frå administrerande direktør i Helse Førde om vidare arbeid i føretaket vert lagt til grunn.

## **097/2017      Rapportering frå program Pasientens helseteneste**

### **Oppsummering:**

Utviklingsarbeidet «Pasientens helseteneste – Helse Førde 2030» har dette året arbeidd med mange tenesteutviklingsprosjekt samstundes. Hovudprioritet har vore å legge grunnlag for planlegging av framtidig drift og byggutvikling ved Førde sentralsjukehus. Arbeidet har danna grunnlag for å kvalitetssikre arealplanen frå konseptfasen som vart gjennomført i 2015.

Følgjande av tenesteutviklingsprosjekta har levert sluttrapport:

- Framtidig operasjon og intensivverksemd
- Kartlegging plan for lege- og psykologtenestene
- Lærdal sjukehus fase 1 - kartlegging av tenester og behov
- Poliklinikk og dagbehandling
- Psykisk helsevern
- Radiologi og laboratoriefag
- Utvikle døgntilboda

Forprosjektet «Nye Førde sjukehus» kjem til å auke aktivitetsnivået framover. Ein har henta inn eksterne arkitektar og rådgjevarar i arbeidet med å vidareutvikle arealplanen. For å sikre at framdrifta ikkje blir påverka av endringar i «Pasientens helseteneste», legg forprosjektet opp til ei organisering som sikrar input frå tenesteutvikling.

Framover vil programmet mellom anna arbeide med:

- Driftsmodellar og framtidige arbeidsprosessar
- Lærdal sjukehus fase 2
- Nye Førde sjukehus
- Prehospitale tenester
- Samarbeidande sjukehus og stadleg leing
- Samhandling med kommunane

### **Vedtak (samrøystes):**

Rapporteringa frå program «Pasientens helseteneste» vert teken til orientering.

## **006/2018      Eventuelt**

Neste styremøte:

Møtedato 23. februar utgår, grunna vinterferie.

Neste styremøte vert flytta til 1. mars.



## **Skriv og meldingar**

### **Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:**

- Samhandlingsnytt, januar 2018
- Ope brev til styret i Helse Førde frå Fjordane krins av Norges Kvinne- og familieforbund, datert 15.12.2017
- Brev til styret i Helse Førde «Bekymring vedrørende tilbud til psykisk syke i Sogn og Fjordane» frå Norsk Psykologforening, lokalavdeling Sogn og Fjordane, datert 21.12.2017

### **Følgjande skriv og meldingar var lagt på bordet i møtet:**

- Styringsmål 2018
- Brev til Norsk Psykologforening, lokalavdeling Sogn og Fjordane, vedk. bekymring vedr tilbud til psykisk syke i Sogn og Fjordane, datert 26.01.2018

Ref. Berit Irene Haarklau

---

Agnes Landstad  
Styreleiar

---

Atle Hamar  
Nestleiar  
(sett)

---

Helge E. Bryne

---

Liv Stave  
(sett)

---

Aud Ingrid Espeland

---

Reidar Sandal

---

Wenche Kristin Røkenes

---

Randi Aven

---

Hans Jacob Westbye

---

Arthur Norevik